



Dok. ref.
20/829-14/K2-K12/8584

Dato:
23.01.2023

Referat etter folkemøte 18.01.2023

Møtetittel:	Følkemøte angående mogeleg utviding av nasjonalpark Jotunheim
Møtedato:	18 januar 2023
Møtetid:	18:00-20:00
Møteleiar	Statsforvaltaren i Vestland v/ Eline Orheim og Halvor Røssum
Møtestad:	Kulturhuset i Øvre Årdal
Deltakarar:	Frå Statsforvaltaren i Vestland: Eline Orheim (seksjonsleiar, naturmangfaldsseksjonen) og Halvor Røssum (rådgjevar). Frå Årdal kommune: Anne Kauppi (fungerande ordførar) og Jorunn Teigen Hellem (kommuneplanleggjar). Om lag 50 frammøtte.
Kopi til:	

Ordførar Anne Kauppi ønskte velkommen til folkemøte.

Statsforvaltaren ved Eline Orheim tok ein gjennomgang av prosessen og avhenge av lokal aksept i kommunestyre før ei eventuell tilråding av utviding av område for vern. Ho var tydeleg på at eit «ja» i denne omgang, betyr «ja» til meir utgreiing.

Deretter orienterte Statsforvaltaren v/Halvor Røssum om oppdraget dei har fått knytt til ei mogleg utviding av nasjonalparken og ei mogleg omgjering av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde. Naturkvalitetane og verneverdiane dei kjenner til i området per no vart presentert. Å orientere om oppdraget og prosessen, og å få vite meir om kva brukarinteresser som er i området er dei to viktigaste formåla med dette folkemøtet.

Ein verneplanprosess vil ikkje bli satt i gang utan at kommunen stiller seg positive til dette. Om kommunen seier ja til å starte arbeidet vil det bli sett i gang ein verneplanprosess. Ein viktig del av ein eventuell verneplanprosess vere å innhente meir kunnskap om naturverdiar og brukarinteresser i området. Om kommunen seinare i prosessen seier at dei ikkje ønskjer å utvide nasjonalparken vil ikkje verneplanprosessen fortsette.

Statsforvaltaren presenterte eit kart over det aktuelle utgreiingsområdet. Kartet viste ikkje eit forslag til vernegrense, men illustrerte kva område som kan vere aktuelle for utviding. Å avgjere kvar grensene kan gå vil vere ein del av ein verneplanprosess, om det er aksept for å starte dette arbeidet.

Etter innleiinga vart det opna for spørsmål og kommentarar frå salen.



Audun Hestetun, leiar i skigruppa, Jotun IL:

Kommenterte at eit vern vil vanskeleggjere snøscooterkøyring av skiløyper. Dei nyttar området frå Murane inn mot Austabotntind og mot Åsete. Sesongen er frå om lag vinterferien til og med påskeferien.

Eline Orheim, Statsforvaltaren:

Dette er eit nyttig innspel å få tidleg i prosessen. Ber om eit kart som viser løypenettet. Ho viste til at det også ved noverande bruk av snøscooter skal gjerast ei vurdering av kva bruken har for påverknad på til dømes villrein i området. Ho viste til at det ved grunneigarmøtet kom fram at det vart nytta GPS for kart over løypenettet. Det vil vere svært nyttig å få tilsendt meir informasjon om denne løypekøyringa i etterkant av møtet.

Kristian Lien, Norsk folkehjelp:

Fortel at dei nyttar området ved Tynosen mykje til øving. Eit vern vil krevja mykje meir søknadar, og er bekymra for byråkratiet. Han seier at eit utvida vern vil hemma ein del av denne øvingsaktiviteten på Tyin. Det er meir og meir ferdsle på ski og toppturar, og det følgjer meir oppdrag. Bruken av snøscooter handlar om å vera kjent i områda dei kan få oppdrag i. Ein tur i sesongen for å verta betre kjent i området er for lite.

Eline Orheim, Statsforvaltaren: Øvingsområda er interessante å få tilsendt på kart; nokre områder er viktigare enn andre. Statsforvaltaren er ute etter fornuftige grenser på verneområdet. I nokre verneområde er det delegert fullmakt til å gje løyve til dispensasjonar frå verneforskrifta i dei kurante sakene. Mange av dei same omsyna, mellom anna til villreinen, må takast anten områda er verna eller ikkje.

Christian Sønstlien, Arbeiderpartiet: Takkar for prosessen og viser til at det er bra med ein lokal vetorett. Dei stiller seg positive til meir informasjon om eit eventuelt utvida vern. Han viser til næringsinteresser, og at det er fleire prosjekt der fellesnemnaren er kraft. Viser til kraftlinjer, Årdal-Fortun, og stiller spørsmål om dette kan komma i konflikt med grensa til verneområdet.

Statsforvaltaren, Eline Orheim: Takkar for nyttig innspel og viser til at fyrste gong ho høyrte om ei linjeoppgradering var på grunneigarmøtet tidlegare på dagen. Statsforvaltaren vil gjerne ha meir informasjon om planane for linjeoppgradering og kva område som er aktuelt.

Johnny Bruheim, Hydro Energi: Hydro Energi har mange interesser i området, og dei vi koma med eit skriftleg innspel. Området deira omfattar 800 km², med mange bekkeinntak som dei må ha mogelegheit å koma til i alle sesongar med eksempelvis snøscooter og helikopter. Han viser til at dei ved ferdsler er opptekne av omsynet til villrein og rovfugl. I framtida vil styring av tiltaka deira vera fjernstyrt, men dei må likevel ha tilgang til å vera der fysisk. Dei må og ha tilgang til å setta opp eit bygg i forbindelse med eksisterande anlegg for fjernstyring og straumforsyning ved bruk av eksempelvis solceller. Han stiller spørsmål om samtidig med ein prosess om mogeleg utvida vern kan gjera ein revisjon for gjeldande verneforskrift for gjeldande områder som er verna.

Eline Orheim, Statsforvaltaren: Det er ikkje lagt opp til revisjon av verneforskrifta som så dan i samband med mogeleg utviding av nasjonalparken. Det pågår imidlertid eit parallelt arbeid der restriksjonar rundt dronflyging og elsykkel kan vurderast. Departementet har varsla ein slik gjennomgang, men arbeidet vil ikkje ta til før ny mal for verneforskrifter er på plass. Ved



openberre feil i gjeldande verneforskrifter kan det vera mogeleg å gjera endringar i dette parallelle løpet. Klimaendringar er ein viktig grunn til at Statsforvaltaren ønskjer å tilrå utviding. Statsforvaltaren kjem neppe til å tilrå eit vern i område med eksempelvis bekkeinntak. Det kan vera områder i landskapsvernområdet som har slike tiltak, men det er ikkje primært desse områda ein ønskjer å vurdere for nasjonalparkstatus. Det er ønske om at det vert sendt inn kart med ei oversikt over tiltaka til Hydro Energi. Statsforvaltaren tek i mot innspel og vil nytte innspela som grunnlag for eit notat som dei sender til kommunen. Kommunen kan nytte notatet som grunnlag for politisk sak.

Marie Helene Hollevik Brandsdal, Arbeiderpartiet: Viser til at Årdal er ein industrikommune med to store bedrifter; Hydro og Norsun og at Årdal er ein Nasjonalparkkommune, og er stolt av å ha begge desse rollene. Det er viktig å ta vare på klima og naturen for generasjonane som kjem etter. Ho er glad for prosessen, tidleg involvering og interesse for lokal aksept.

Eline Orheim, Statsforvaltaren: Vi forstår at det stor interesse lokalt for å balansere bruk og vern, og at det er mange spørsmål om kva praktiske konsekvensar ei utviding av nasjonalparken vil ha. Målet er å kunne svara på kva vernet har å seie for grunneigarar og andre med brukarinteresser på neste møte, og i notatet som vi skal utarbeide. Kom gjerne med innspel og nytt nettsidene til Statsforvaltar dersom de er meir interessert i vernet. Link til nettsidene vert lagt ut på heimesidene til kommunen.

Katharina Karlsen Hessen, Naturvernforbundet i Indre Sogn: Dei har teke turen over fjorden fordi dei synes prosessen med utvida vern er stort. Dette er det dei meiner er aller viktigast. Minner om at det er ikkje berre mennesket som har brukarinteresser innanfor området. Verdien ligg i artane og naturen, og eit vern vil gje litt ekstra plass til artane som slit. Desse skal takast vare på, og dei håpar naturen si stemme får vera med i prosessen vidare.

Eline Orheim, Statsforvaltaren: Takkar for innspelet og viser til at det er dette som er bakteppe for utvidinga av nasjonalparken. Vern handlar om samspel mellom mennesket og natur.

Jorunn Teigen Hellem
Kommuneplanleggar